

Læringsformer

Føreløsing, rettleiing og kommunikasjonsøvingar, arbeid med studiespørsmål og fagleg skiving vil vere sentrale arbeidsformer. Det blir lagt opp til ulike former for forskingsbasert undervisning. Det vil bli lagt vekt på å ta i bruk studentaktive metodar. Det er ikkje knytt praksis til emnet.

Pensum

Om lag 1000 sider pr. emne. Litteraturen er på norsk og engelsk.

Praktisk informasjon

Mellom samlingane vil kommunikasjonen med studentane gå føre seg ved hjelp av e-læringsverktøyet Classfrontier. Kvart emne går over eitt semester.

Undervisninga er lagt til Høgskolen i Ålesund. Det vert samlingar i veke 34, 35, 36, 37 og 48 i haustsemesteret.

I vårsemesteret er det planlagt tre vekesamlingar. Inga studieavgift. Semester- og kopiavgift: kr 650,-. I tillegg kjem utgifter til pensumlitteratur.

Opptakskrav

3-årig bachelorutdanning i sjukepleie eller tilsvarande.



Kontaktperson:

Rådgevar: Kari Vedde, tlf. 70161403,
E-post: kv@hials.no

Fagansvarleg:

Førsteamanuensis Marit Kvangarsnes

Søknadsfrist: 1. mai 2008.

Høve til opptak etter fristen dersom det er ledige studieplassar. Vi tek atterhald om nok søkjarar.

Høgskolen i Ålesund, 6025 Ålesund

Besøksadresse: Larsgårdvegen 2

70 16 12 00 | postmottak@hials.no

www.hials.no



Sjukepleie til kritisk sjuke

Deltidsstudium over eitt år -
vidareutdanning/mastergradsemne
(15 + 15 studiepoeng)

Deltidstudium ved Institutt for helsefag

Institutt for helsefag ved Høgskolen i Ålesund tilbyr eit deltidsstudium i sjukepleie til kritisk sjuke for sjukepleiarar som ynskjer å betre kompetansen sin på dette feltet. Studiet kan nyttast som frittstående vidareutdanning og som valfritt emne i **Mastergrad i helse- og sosialfag – meistring og myndiggjering** ved Høgskulen i Volda. Emnet er utvikla i samarbeid med Helse Sunnmøre og Høgskulen i Volda.

Ass. Direktør ved Helse Sunnmøre, Helge Ristesund, kommenterer studiet slik:



- Overføring av meir og meir krevjande pasientgrupper frå spesialist- til kommunehelsetenesta stiller stadig større krav til sjukepleiarar i primærhelsetenesta.

Sjukepleiarar på somatiske sjukehusavdelingar skal ofte yte sjukepleie til kritisk sjuke pasientar. - Studiet omhandlar tema som er svært relevante for sjukepleiarar som arbeider i intensivavdelingar, i generelle somatiske sjukehusavdelingar og i kommunehelsetenesta.

- Helse Sunnmøre har delteke i utviklinga av studiet, og vi meiner at studiet gir sjukepleiefagleg kompetanse og forskingsbasert kunnskap som vil vere nyttig for sjukepleiarar i møte med kritisk sjuke pasientar.

Sjukepleie til kritisk sjuke, Delemne 1 (15 studiepoeng)

Dette emnet skal gi innsikt i og kompetanse i å yte sjukepleie til kritisk sjuke pasientar på intensiveiningar og andre somatiske og geriatriske avdelingar. Studiet kan også vere nyttig for sjukepleiarar i kommunehelsetenesta. Kunnskap om dei særlege utfordringane knytt til ulike diagnosar og behandlingsformer vil vere sentralt i dette delemnet. Kommunikasjon og samhandling ved kritisk sjukdom er òg eit viktig emne.

Sentrale tema vil vere:

- Pasientar med hjarte-/karsjukdomar
- Pasientar med lungesjukdom
- Postoperativ sjukepleie
- Pasientar som får dialyse
- Pasientar med kreft
- Kritisk sjukdom i eit alders- og livsløperspektiv
- Kommunikasjon, rettleiing og informasjon til pasientar og pårørande
- Fleirkulturelt perspektiv på kritisk sjukdom
- Etske/juridiske utfordringar ved kritisk sjukdom
- Systematisk undersøkjande arbeid

Sjukepleie til kritisk sjuke, Delemne 2 (15 studiepoeng)

Dette emnet legg vekt på at studentane lærer å ta del i systematisk undersøkjande arbeid. Leiing og arbeidsplassen som læringsarena vil også vere tema.

Sentrale tema vil vere:

- Forskingsmetode
- Vitskapsteoretisk tilnærming til forskning
- Leiing av helsetenesta
- Samarbeid mellom profesjonar og organisasjonar ved kritisk sjukdom
- Arbeidsplassen som læringsarena
- Forsking knytt til sentrale pasient grupper
- Fagleg skrivning

